



MØTEBOK 01/26

RÅD FOR LIKESTILLING AV PERSONAR MED FUNKSJONSNEDESETTING

Møtedato: 16.03.2026
Møtestad: Sula rådhus

Møtetid: Kl. 15:30 - 17:00
Saksnr.: 001/26 – 004/26

Følgjande medlem møtte

Björg Sunde

Kari Aslaug Urke Olsen

Magne Anton Sunde

Parti

SUL

Forfall meldt frå følgjande medl.

Bjørnstad, Leni

Jorunn Mork Helgesen

Parti

FRI

Følgjande varamedlem møtte**Parti**

FRI

Møteleiar:	Björg Sunde
Frå administrasjonen:	Frode Elias Synnes, politisk koordinator
Innkalling:	Ok.
Sakliste:	Godkjent.
Utlevert i møtet:	-
Diverse:	På starten var det fellesmøte med Eldrerådet som begge behandla orienteringssak om tenestestandard for kommunale helse- og omsorgstenester i Sula kommune.

Saksliste

Saksnr.	Sakstittel	Gradering
001/26	Godkjenning av møtebok nr. 04/25	
002/26	Orienteringssak - tenestestandard for kommunale helse- og omsorgstenester i Sula	
003/26	Barnehage- og skulebruksplan 2026-2036	
004/26	Retningslinjer skuleskyss Sula kommune	

001/26: Godkjenning av møtebok nr. 04/25

Møteboka blir godkjent.

Behandling i Råd for likestilling av personar med funksjonsnedsetting 16.03.2026

Björg Sunde poengerte at feil møteleiar var oppført.
Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

RLF - 001/26 Vedtak:

Møteboka blir godkjent med justering til rett møteleiar.

002/26: Orienteringssak - tenestestandard for kommunale helse- og omsorgstenester i Sula

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula kommunestyre tek saka til vitande.

Behandling i Råd for likestilling av personar med funksjonsnedsetting 16.03.2026

Kommunedirektør ved rådgivar helse og meistring orienterte om saka i eit fellesmøte med Eldrerådet.

Det var ei runde med spørsmål og svar. Saka vart drøfta.
Innstillinga vart samrøystes tatt til vitande.

RLF - 002/26 Vedtak:

Sula kommunestyre tek saka til vitande.

Behandling i Formannskapet 10.03.2026

Kommunedirektør ved einingsleiar Sulatunet orienterte.
Saka vart drøfta.
Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

F - 023/26 Vedtak:

Sula kommunestyre tek saka til vitande.

Behandling i Levekårsutvalet 09.03.2026

Kommunedirektør ved einingsleiar Sulatunet orienterte.

Det var ei runde med spørsmål og svar. Saka vart drøfta.

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

LEV - 004/26 Vedtak:

Sula kommunestyre tek saka til vitande.

003/26: Barnehage- og skulebruksplan 2026-2036

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Kommunestyret tek saka til orientering og støttar føringane for arbeidet med å framskaffe eit kunnskapsgrunnlag for skule- og barnehageområdet som grunnlag for ein strategi for tenesteområdet med innspel til rullering av langsiktig drifts- og investeringsstrategi.
2. Levekårsutvalet skal haldast orientert i løpet av prosessen.

Behandling i Råd for likestilling av personar med funksjonsnedsetting 16.03.2026

Fellesforslag utarbeidd i møtet:

Råd for likestilling av personar med funksjonsnedsetting peikar på moglegheita for å løyse utfordring med parkeringsforholda for både Sunde fjordhotell og Sunde barnehage ved å sjå desse to i samanheng samtidig som ein må sjå på løysing for smidig av- og påkøyring til E39. Sunde barnehage har vore for liten i mange år utan at ny lokasjon har kome på kartet. Sula kommune er eigar av lokasjon ved Solevåg fergekai, ein lokasjon med kort avstand til offentleg transport.

Det blir vurdert at dette arbeidet må skje i perioden vår / forsommar / haust då ein i same periode skal vurdere strategiske hovudgrep og overordna konsekvensvurderingar, dvs før behandling av årsbudsjett 2027 og økonomiplan 2027 - 2030.

Fellesforslaget vart samrøystes vedtatt.

RLF - 003/26 Vedtak:

Råd for likestilling av personar med funksjonsnedsetting peikar på moglegheita for å løyse utfordring med parkeringsforholda for både Sunde fjordhotell og Sunde barnehage ved å sjå desse to i samanheng samtidig som ein må sjå på løysing for

smidig av- og påkøyring til E39. Sunde barnehage har vore for liten i mange år utan at ny lokasjon har kome på kartet. Sula kommune er eigar av lokasjon ved Solevåg fergekai, ein lokasjon med kort avstand til offentleg transport.

Det blir vurdert at dette arbeidet må skje i perioden vår / forsommar / haust då ein i same periode skal vurdere strategiske hovudgrep og overordna konsekvensvurderingar, dvs før behandling av årsbudsjett 2027 og økonomiplan 2027 - 2030.

Behandling i Levekårsutvalet 09.03.2026

Saka vart drøfta.

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

LEV - 002/26 Vedtak:

1. Kommunestyret tek saka til orientering og støttar føringane for arbeidet med å framskaffe eit kunnskapsgrunnlag for skule- og barnehageområdet som grunnlag for ein strategi for tenesteområdet med innspel til rullering av langsiktig drifts- og investeringsstrategi.
2. Levekårsutvalet skal haldast orientert i løpet av prosessen.

004/26: Retningslinjer skuleskyss Sula kommune

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Sula kommunestyre vedtek Retningslinjer for skuleskyss i Sula kommune
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre, administrative justeringar ved behov.

Behandling i Råd for likestilling av personar med funksjonsnedsetting 16.03.2026

Som kommunedirektør si innstilling, men der ordet jamleg i første setning i punkt 2.7 ang vinterskyss skal bli erstatta med fortløpande, dvs slik:

"Kommunen skal fortløpande vurdere strekningane som blir brukt til og frå skulen, og sørge for at skulevegen er trygg for elevar under vinterforhold."

Dette vart samrøystes tilrådd.

RLF - 004/26 Vedtak:

1. Sula kommunestyre vedtek Retningslinjer for skuleskyss i Sula kommune, men med ny første setning i punkt 2.7 ang vinterskyss blir: "Kommunen skal fortløpande vurdere strekningane som blir brukt til og frå skulen, og sørge for at skulevegen er trygg for elevar under vinterforhold."

2. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre, administrative justeringar ved behov.

Behandling i Levekårsutvalet 09.03.2026

Saka vart drøfta.

Vibeke Bjørkavåg (H):

nytt punkt 3: Vedlegg "Strekningar som er vurdert som særleg farlege eller vanskelege i Sula pr febr. 2026" er ikkje relevant for saka og blir tatt vekk frå saka når den blir sendt til vidare behandling.

Kommunedirektør kommenterte at vegane i vedlegget er vegstrekningar der det tidlegare er søkt skuleskyss. Vegstrekninga er objektivt vurdert som særleg farleg eller vanskeleg eller lang og vanskeleg.

Innstillinga med forslag frå Bjørkavåg vart samrøystes tilrådd.

LEV - 003/26 Vedtak:

1. Sula kommunestyre vedtek Retningslinjer for skuleskyss i Sula kommune.
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre, administrative justeringar ved behov.
3. Vedlegg "Strekningar som er vurdert som særleg farlege eller vanskelege i Sula pr febr. 2026" er ikkje relevant for saka og blir tatt vekk frå saka når den blir sendt til vidare behandling.